

Maritimt Magasin har eit stort oppslag om Eidsvik Skipsbyggeri og den siste båten deira i det siste nummeret sitt.

På førstesida står det "Quantus – ny supertråler fra Eidsvik Skipsbyggeri" og inne i bladet er det fem sider om dette siste nybygget til verksemda i Uskedalen. I dei fem sidene inngår det midtside med eit flott bilete av den 65,5 meter lange trålararen for full fart forbi Skorpo.

Dette er byggnummer 74 for Eidsvik og båten er bygd for det skotske rederiet Peter & J. Johnstone Ltd. i Peterhead, Rederiet tok imot båten 11. juni. Det er ein pelagisk trålar med design fra Vik-Sandvik AS og han har kosta rundt 200 millioner. Men rederiet har sikra seg gode kvotar å fiske på slik at innteninga bør bli bra, heiter det i artikkelen. Han skal fiska sild, makrell og kolmule.

Helgeland Sveiseindustri bygde skroget, som kom for utrustning til Eidsvik i september 2007. "Quantus" vil ha eit mannskap på 10, men han er innreidd for 14 personar i ti lugarar. Det er også sjukelugar om bord.

Eidsvik ventar inn eit nytt skrog frå Tyrkia, som dei skal starta på etter at dei 58 ansatte har teke ein velfortent ferie, Nybygget er denne gongen eit offshorefartøy på 88 meter som skal leverast til Meling Supply til våren.

Av Ola Matti Mathisen